



Kultur- og likestillingsdepartementet  
Sendt til [Georg-Hilmar.Antonsen@kud.dep.no](mailto:Georg-Hilmar.Antonsen@kud.dep.no)

Deres referanse: 22/880  
Vår referanse: 2023/146  
Dato: 26.01.2024  
Publikasjonsnr.: NIM-H-2024-004

## Høyringsvar til NOU 2023: 13 – «På høy tid. Realisering av funksjonshindredes rettigheter.»

### 1. Innleiing

Me viser til brev av 2. mai 2023 frå Kultur- og likestillingsdepartementet, der Likestillings- og mangfaldsutvalet si utgreiing, *NOU 2023: 13 «På høy tid. Realisering av funksjonshindredes rettigheter»* vart sendt på høyring. NIM fekk per e-post 19. januar utsett høyringsfrist.

Utvalet har levert ei omfattande og grundig utgreiing, og fremjar til saman 159 tilrådingar. NIM har ikkje hatt høve til å gå nærare inn i alle vurderingane og tilrådingane utvalet fremjar, men meiner overordna at tilrådingane kan bidra til betre realisering av rettane til personar med funksjonsnedsetjingar. I det følgjande vil me løfte fram nokre overordna forhold som me meiner er særleg viktige i oppfølginga av utgreiinga.

Me vil understreke at høyringsvaret vårt ikkje er uttømmende når det gjeld menneskerettslege sider av utgreiinga.

### 2. Menneskerettsleg tilnærming i oppfølginga av utgreiinga

Utvalet har, på bakgrunn at eit breitt mandat, levert ei omfattande og grundig utgreiing av ulike utfordringar og barrierar personar med ulike former for funksjonsnedsetjingar, samt deira pårørande, møter når det gjeld realiseringa av menneskerettane deira.

Utvalet har hatt ei interseksjonell tilnærming til mandatet. Dette er viktig, ettersom personar med funksjonsnedsetjingar både er ei stor og heterogen gruppe i befolkningane, som møter ulike utfordringar og barrierar for realiseringa rettane deira. Samstundes møter både barn og eldre med funksjonsnedsetjingar egne utfordringar, og personar med funksjonsnedsetjingar høyrer også til fleire andre grupper med diskrimineringsvern, som igjen kan innebere egne utfordringar og barrierar.

Utgreiinga omhandlar ei rekkje ulike samfunnsområde, med særleg fokus på arbeidsliv, oppvekst, utdanning, bustad, og deltaking i samfunnet elles, både for barn og vaksne. Vidare vert også område som asylfeltet og valdsfeltet omtalt. Denne tilnærminga inneberer at utgreiinga røyler ved personar med funksjonsnedsetjingar og deira pårørande sine menneskerettar på ei lang rekkje ulike område og plan. Særleg aktualisert er rettane som følgjer av FNs konvensjon rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), men også ei rekkje rettar som følgjer av andre

menneskerettskonvensjonar som Noreg er bunden av, så vel som Grunnlova.<sup>1</sup> Blant dei er FNs barnekonvensjonen, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar, FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, og Europarådets konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (Istanbulkonvensjonen).

NIM meiner det er ein styrke at utgreiinga så grundig synleggjer dei ulike utfordringane personar med ulike funksjonsnedsetjingar, og deira pårørande, møter når det gjeld på ulike område. Etter NIM sitt syn er tilrådingane utvalet fremjar eigna til å styrke realiseringa av menneskerettane til personar med funksjonsnedsetjingar, både etter Grunnlova, CRPD og andre menneskerettskonvensjonar. I oppfølginga av utgreiinga meiner NIM det er viktig at ein har ei menneskerettsleg tilnærming, nettopp fordi både utfordringane og tilrådingane i røynda gjeld korleis personar med funksjonsnedsetjingar, og deira pårørande, skal få oppfylt dei grunnleggjande menneskerettane sine.

### **3. Inkorporering av CRPD**

Utvalet tilrår mellom anna inkorporering av CRPD i menneskerettslova, samt at ein i samband med inkorporeringa gjennomgår og oppdaterer lovverk, rundskriv, rettleiarar og liknande som vert påverka av inkorporering.

Ei inkorporering vil, slik også utvalet er inne på, tydeleggjere overfor offentlege organ at dei er forplikta etter CRPD, noko som er viktig for at norske lovbrukarar i domstolane, kommunane, statsforvaltarane og andre offentlege organ skal verte meir bevisste på pliktene som følgjer av konvensjonen. Inkorporering av CRPD vil dermed kunne styrke etterlevinga av rettane personar med funksjonsnedsetjingar i praksis.<sup>2</sup> NIM støtter tiltaka utvalet tilrår om å auke kunnskapen om og betre opplæringa om CRPD hjå alle forvaltningsnivå.

NIM er vidare samde med utvalet i at inkorporering av CRPD vil kunne bidra til å gjere konvensjonen meir tilgjengeleg enn den er i dag. På lik linje som utvalet, og fleirtalet i ekspertutvalet som har utgreia inkorporering av CRPD i norsk lov, og fleire andre utgreiingar som gjeld rettane til personar med funksjonsnedsetjingar, støtter NIM inkorporering i menneskerettslova.<sup>3</sup>

NIM viser til utvalet si tilråding om å gjennomgå og oppdatere relevant lovverk og skriv som vert påverka av inkorporering av CRPD. NIM meiner at det er viktig å skile mellom

---

<sup>1</sup> NIM har skrive meir inngåande om ei rekkje utfordringar og tilhøvet til rettar i CRPD, som utvalet også omtalar i utgreiinga, i NIM-rapporten «Funksjonshemmedes ytringsfrihet. Åtte utfordringer». Rapporten er [tilgjengeleg her](#).

<sup>2</sup> Sjå også NIM-rapporten «Inkorporering av CRPD i norsk rett», [tilgjengeleg her](#), og NIM og likestillings- og diskrimineringsombodet sitt brev til Kultur- og likestillingsministeren og Justis- og beredskapsministeren av 21.03.2021, [tilgjengeleg her](#).

<sup>3</sup> Sjå Ekspertutvalet om inkorporering av CRPD sin rapport «Konvensjonen om funksjonshemmedes rettigheter», av 15.01.2023, og t.d. NOU 2023: 20 «Tegnspråk for livet. Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk»

moglege tilfelle av motstrid mellom CRPD og norsk rett, og det som dreier seg om meir optimal realisering av føresegnene i konvensjonen. NIM viser her til vurderingane til ekspertutvalet som har utgreia inkorporering av CRPD i norsk lov. Utvalet konkluderer med at det «i de fleste tilfeller [...] ikke er nødvendig med lovendringer for å oppfylle konvensjonen.»<sup>4</sup> Utvalet identifiserer nokre få områder kor det er motstrid mellom CRPD og norsk lov, som etter NIMs vurdering bør rettast opp i samband med ein inkorporeringsprosess. NIM er også positiv til at det vert gjort lovmessige endringar utover dette for å sikre betre realisering av konvensjonen. Ein slik gjennomgang kan etter NIMs syn skje uavhengig av prosessen knytt til inkorporering av CRPD i menneskerettslova.

#### **4. Kommunane sitt menneskerettsansvar overfor personar med funksjonsnedsetjingar**

Som utvalet peikar på i utgreiinga, ligg store delar av ansvaret for å realisere rettane til personar med funksjonsnedsetjingar hjå kommunane.

Kommunane har eit sjølvstendig menneskerettsansvar etter Grunnlova § 92. Det følgjer av føresegna at dei statlege styresmaktene skal respektere og tryggje menneskerettane etter både Grunnlova og dei internasjonale menneskerettskonvensjonane som Noreg er bunden av. Denne plikta gjeld også for kommunar og fylkeskommunar.<sup>5</sup>

NIM meiner det er viktig for realiseringa av rettane til personar med funksjonsnedsetjingar at kommunane vert gjort bevisst på sitt ansvar for å sikre menneskerettane deira. Dette har me mellom anna skrive om i rapporten «Kommuner og menneskerettigheter» frå 2021, der me søkte å synleggjere utfordringar og behov som finns for å styrke det lokale menneskerettsarbeidet.<sup>6</sup>

Utvalet fremjar ei rekkje tilrådingar som gjeld tenester som kommunane per i dag har ansvaret for å sikre, og som er naudsynte for å realisere rettane til personar med funksjonsnedsetjingar. NIM meiner det er viktig at det i samband med oppfølginga av utgreiinga vert set i verk tiltak for å sikre at kommunane er tilstrekkeleg rusta til å ivareta det menneskerettslege ansvaret overfor personar med funksjonsnedsetjingar, mellom anna gjennom tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse.

Utvalet skriv einskilde stader i utgreiinga at inkorporeringa av CRPD vil kunne medføre innskrenkingar i det kommunale sjølvstyret. NIM ynskjer å minne om at CRPD er ratifisert av Noreg, utan reservasjonar. Den er dermed alt bindande i sin heilskap, både for staten og for kommunane.

---

<sup>4</sup> Sjå ekspertutvalets rapport, s. 18.

<sup>5</sup> Dette følgjer av ei systembetragtning, og vart stadfesta i HR-2022-401-A (Tolga).

<sup>6</sup> Rapporten er [tilgjengeleg her](#).

## 5. Avslutning

Samla sett meiner NIM utgreiinga gir eit breitt og godt grunnlag for vidare arbeid med å styrke realiseringa av menneskerettane til personar med funksjonsnedsetjingar, både etter CRPD og andre menneskerettskonvensjonar. NIM vil understreke at ei grundig oppfølging av utgreiinga, saman med ei rekkje andre utgreiingar om rettane til personar med funksjonsnedsetjingar av nyare dato er eit viktig steg for å sikre og styrke realiseringa av menneskerettane personar med funksjonsnedsetjingar.<sup>7</sup>

Vidare meiner NIM det er viktig med ei menneskerettsleg tilnærming i oppfølginga og at det vert løyva tilstrekkeleg med ressursar til dei ulike aktørane som skal gjennomføre tiltaka som vert iverksett.

I oppfølginga av utgreiinga meiner NIM også at det er viktig at myndighetene rådfører seg med personar med funksjonsnedsetjingar sine sivilsamfunnsorganisasjonar, i tråd med CRPD artikkel 4 (3).

Me stiller oss til disposisjon for utdjuping og diskusjon i samband med oppfølginga av denne og andre utgreiingar om personar med funksjonsnedsetjingar sine menneskerettar dersom det er ynskjeleg.

Venleg helsing  
for Noregs institusjon for menneskerettar

Gro Nystuen  
Assisterande direktør

Mina Haugen  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har dermed ingen signatur.

---

<sup>7</sup> Sjå t.d. NOU 2023: 20, NOU 2021: 11 «Selvstyrt er velstyrt — Forslag til forbedringer i ordningen med brukerstyrt personlig assistanse», og Ekspertutvalet om inkorporering CRPD sin rapport «Konvensjonen om funksjonshemmedes rettigheter.»